



Test-tur utanfor Uskedalen. (Foto: offshore.no)

Mange i Uskedalen har denne veka undra seg over kva som har gått føre seg på fjorden. Ein spesiell båt har drege noko gult utstyr etter seg frå Børnes og innover. Her er forklaringa: CGG Veritas testar ein ny norsk/dansk seismikkteknologi.



Klargjering for ein ny test-tur frå Børnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Testinga gjeld ein ny type seismiske deflektorar som skal auka effektiviteten, opplyser offshore.no. Testprogrammet var opprinneleg sett opp frå 6. til 10. januar, men operasjonsleiinga opplyser til uskedalen.no at testen er utvida og vil vera i gang til og med sundag. Deflektorane er laga av Mørenot AS og dei har også patent på produktet. Det er framstilt av høgkvalitets komposittmaterial og laga slik at ein kan auka talet på opptakskablar som blir trukke etter båten. På den måten sparar ein drivstoff.

Testoperasjonen har hatt og har fleire aktørar, også lokale. Eide har stilt slepebåt til disposisjon medan Maritim Service har hatt ansvaret for samanstillinga.

Meir enn 20 personar har vore og er i aksjon i samband med testen. Seks av dei er mannskap på båten og like

mange fra Maritim Service har vore engasjert.

Veritas stiller med 11 mann og dei kjem både frå Frankrike, Canada, USA, Storbritannia og Noreg.

Av Ola Matti Mathisen



seismikktest gjennom Storsundet i morgontimane torsdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)